

Innhald

1. Kjenneteikn ved Votndalsåsen	3
1.1 Historikk.....	3
1.2 Landskap.....	3
1.3 Dagens bruk.....	3
2. Arealstatus for Votndalsåsen	5
2.1 Bygningsstatus.....	5
2.2 Planstatus	6
2.2.1 Gjeldande KPA	6
2.2.2 Gjeldande reguleringsplanar.....	7
2.3 Areal- og tomtereserve.....	9
2.4 Innspel til kommuneplanens arealdel.....	11
2.5 Oversikt over naturfarar i Votndalsåsen.....	13
2.6 Innsatstid utrykkingskøyretøy	14
3 Infrastruktur	15
3.1 Vatn og avløp.....	15
3.2 Veg og trafikk.....	16
3.3 Straum og renovasjon.....	17
3.3.1 Straum.....	17
3.3.2 Renovasjon	17
3.4 Skiløyper og stigar	18
3.4.1 Eksisterande stig og løypenett og umerka stigar	18
3.4.2 Kryssingspunkt mellom skiløype og veg.....	19
3.4.3 Behov for omleggingar / sambindingssløyper?	19
4. Vassmiljø	20
5. Naturverdiar, klima og miljø.....	21
5.1 Naturtypar og naturmangfald.....	21
5.2 Samanhengande grønstrukturar og korridorar for vilt og beitedyr.....	22
5.3 Inngrepsfrie naturområde	23
5.4 karbonrike areal	24
6. Leveområde villrein	25
7 Naturressursar	25
7.1 Beitebruk og beiteareal.....	25
7.2 Jord- og skogressursar	26
8. Samla vurdering.....	27
8.1 Områdets utfordringar, behov og moglegheiter	27
Kjelder	28

Analyseområde 5.

Votndalsåsen



Områdeavgrønsing

Avgrensinga er sett med utgangspunkt i eksisterande planar, arealføremål i gjeldande arealdel, innspel frå grovsiling og den omtrentlege grensa mellom skog og snaufjell. Grensa er ikkje absolutt, men fungerer som eit praktisk verktøy for analysen og for å kunne hente mest mogleg korrekt statistikk i ulike temaa frå kartprogram.

Grensa følger Lya i aust og åskammen i vest. I nord retning strekkar seg den til Fetjastølmyrane, og i sør omfattast Liatoppen.

Tekst i dokumentet som er blått er innspel frå publikum i folkemøta

1. Kjenneteikn ved Votndalsåsen

Området kalla Votndalsåsen i områdeanalysen omfattar både Votndals- og Liagardsåsen. Lya avgrensar området mot aust og Fetjastølvegen mot vest. Med utgangspunkt på Liatoppen og fleire parkeringsplassar innover åsen, er det eit omfattande løypenett med kopling både til Oppheimsåsen og vestover til Bergsjø. Det går sommarveggar innover åsen med fleire utgangspunkt. I dag er det mange hytter, og dei er spreidd utover mykje av området. Det meste av området ligg over vernskoggrensa.

1.1 Historikk

Mange gardar i Votndalen og Liagardane har heimstølar på Votndals- og Liagardsåsen. Desse vart brukt til støling vår og haust, samt slått. Ingen stølar der lenger, men dei fleste stølsvollane blir brukt til slåttemark og beiting. Utmarka rundt vollane vart, og blir, brukt til beite.

Rundt andre verdskrig vart det gjennomført utskifting på Liagards- og Votndalsåsen (Jordskiftesak 0630-1933-0011). Det er verdt å merke seg at det ligg svært mange *bruksrettar* i tillegg til beiterettane innanfor dei kartfesta teigane i dette området.

Liatoppen Fjellstove opna i 1961. På den tida var det svært få hytter på Votndals- og Liagardsåsen. Bygginga av private hytter tok så smått til utover på 1970-talet, men det var fyrst med dei større hyttefelta utover på 2000-talet at hyttebygginga skaut fart.

1.2 Landskap

Området er stort sett småkupert med myrer og vatn innimellom. Mellom myrane og vatna er det fjellbjørkeskogen som rår. I dei meir lågareliggjande delane er det innslag av barskog. Det aller meste av området ligg over vernskoggrensa.

1.3 Dagens bruk

Området ber preg av at det frå 1990-talet har vorte bygd mange hytter innanfor området. Med utfordringar knytt til avlaup før mykje av kloakken frå Leveld og Votndalen vart sendt i røyr til Sundre, og generelt trongare tider, har byggjeverksemnda gått ned i dei seinare åra.

Heile Votndals- og Liagardsåsen blir i større eller mindre grad brukt til beite, og dei fleste stølsvollar blir nytta som slåttemark. Det er pr. i dag éin aktiv støl med mjølkeproduksjon lokalisert på Tormodset. Der blir det produsert stølsmat for sal. Det er populært både blant lokale og tilreisande.

Same stølen plar ha open kiosk i vinterferie- og påskeveke. Kiosken ligg ved ei av dei mange oppkørde skiløypene i området. Desse er svært mykje brukt av både lokale og tilreisande skientusiastar. [I tilknytning friluftsliv brukast gapahuk ved Bakkedokki og rasteplassen «pølsekroken» ved Nilsehovda.](#) Sommarstid er det merka Å152-turar på Kinnhovda, rundt Løkenstjødne og Blæste-

Svarthamar. Dei to fyrstnemnde blir mest brukt av dei som har hytter i nærområdet, medan Blæste er eit populært turmål for fleire.

Innanfor området Votndals- og Liagardsåsen er det ein del fiskevatn der Svartetjødnan i særklasse er dei største. Det blir òg drive stor- og småviltjakt innanfor området. Etter kvart som talet på hytter har auka, har enkelte område i praksis falle ut som jaktområde.

Liatoppen Fjellstugu er pr. i dag ikkje i drift. Derimot er det kommersielle utleiehytter rundt Liatoppen skisenter. Arrangement i skisenteret dreg mange tilreisande. På toppen av Liagardane, like sør for skisenteret, er det eit terrengpunkt som blir mykje brukt som utgangspunkt for paragliding.


2. Arealstatus for Votndalsåsen

2.1 Bygningsstatus

Bygningsmassen i Votndalsåsen består i hovudsak av fritidsbustader. I 2025 er det registrert 544 fritidsbustader, 6 bustader, og 425 garasjer, uthus eller anneks.

Objekttype	Tal
Fritidsbustader	544
Bustader	6
Garasje, uthus, anneks til fritidsbolig	425

Datsettet er henta frå felles kartdatabase, og det er gjort utval innanfor avgrensinga.




Figur 1: Kartutsnitt av med alle dei 544 fritidsbustadene som bygningspunkt i Votndalsåsen. Byggeår er henta frå matrikkelen og basert på bygningsstatus (IG, FA, TB) og kan innehalde feil.

2.2 Planstatus

2.2.1 Gjeldande KPA

Gjeldande kommuneplan i Votndalsåsen består i hovudsak av eksisterande fritidsbustad, LNF og LSF (LNF-spreidde fritidsbustader). Arealbruken knytt til hytter i Votndalsåsen er kjenneteikna av mange, mindre, spreidde areal avsett til fritidsbustader. Innimellom ligg eit stor flate bestående av LNF-spreidde fritidsbustader.


Arealføremål	Storleik
Eksisterande fritidsbustad	Ca. 1 763 daa
LSF (LNF - spreidde bustader)	Ca. 13 237 daa



Figur 2: Gjeldande KPA i området.

2.2.2 Gjeldande reguleringsplanar

Votndalsåsen er eitt av dei mest regulerte hytteområda i Ål kommune, med til saman 20 reguleringsplanar, hovudsakeleg utarbeidda frå 1990-talet. Den nyaste planen er Detaljregulering for H9 Torkelstjørni – Fotndalsåsen frå 2019. Planane overlappar i stor grad, ved at nyare reguleringsplanar heilt eller delvis har erstatta eldre planar. Dette gjeld mellom anna reguleringsplan *Bakke Sehl* (planID 1986001), som i dag berre omfattar areal avsett til landbruk og naturformål etter å ha vorte erstatta av fleire seinare planar. Det er og ei disposisjonsplan i området frå 1974, Feten hyttefelt, med nokre få tomter.



Figur 3: Kartutsnitt av Fotndalsåsen med dei 20 reguleringsplanane i området.

Plannavn	PlanID	Ikraftsatt	Overlapp med planer	
			Erstatter delvis	Delvis erstatta av
Fekjastølen sameige	1993004	16.12.1993	-	-
Nilsehovda	1995002	14.06.1995	-	-

Slekaberget hyttefelt	2000006	21.09.2000	-	-
Nord for Kinnhovdun	2004002	24.02.2004	-	-
Trintrud	1993002	02.09.1993	-	-
Vest for Kinnhovdun	2004010	21.10.2004	1991005	-
Vest for Kinnhovdun	1991005	19.12.1991	-	2004010
Del av Åsetno på Votndalsåsen, Bøygard nordre	1996001	18.01.1996	-	-
Medgard søndre	1991001	28.02.1991	-	-
Sør for Løkenstjørn	1991003	26.09.1991	1986001	-
Detaljregulering for H9 Torkelstjørni - Votndalsåsen	2017001	16.05.2019	1995007	-
Torkelstjørn	1995007	21.11.1995	1986001	2017001
Bakke - Sehl	1986001	27.01.1986	-	1995007, 1996003, 1999006, 2004013, 2006018
Bøygard gnr 38 bnr 2	1996003	26.11.1996	1986001	-
Skrindehaugen	2004013	18.11.2004	1986001	-
Sletthovdun, 38/2	2006018	24.04.2007	1986001	-
Bebyggelsesplan for Sletthovdun, mellom Bakke og Sehl	1999006	28.09.1999	1986001	-
Aunsetmyran gnr 24 bnr 1,3	2002004	17.12.2002		-
Omregulering Liatoppen	2012002	18.04.2013		-
Ørnedokken	2002001	26.02.2002		-
Disposisjonsplanar: Feten hyttefelt (23.08.1974)				

2.3 Areal- og tomtereserve

Arealreserve (daa avsett til fritidsbustadbygging)

Arealreserven i området er berekna ut frå areal avsett til fritidsbustader i KPA og i gjeldande reguleringsplanar. Denne reserven er vist med oransje farge i kartet under (figur 4).


For å kome til ein realistisk arealreserve, er areal som ikkje er eigna for utbygging trekt frå, slik det går fram i tabellen til høgre. For reserven i KPA er regulerte område fjerna for unngå dobbel teljing.

Tomtereserve (tal potensielle hyttetomter)

Tomtereserven i reguleringsplanar er basert på kommunens kartgrunnlag over alle planlagde, men enno ubygde, tomter i gjeldande reguleringsplanar. Dette talet blir rekna som påliteleg og blir kontinuerleg oppdatert etter kvart som tomter blir bygde ut.

Tomtereserven i kommuneplan er eit grovt estimat. Utrekninga er basert på areal avsett til fritidsbustader (noverande og framtidig), der arealet er delt på to, med ein føresetnad på to daa. per tomt i gjennomsnitt.

Areal- og tomtereserve	
I KPA & KDP	I reguleringsplan
+ Område avsett til fritidsbustad (1761 daa.)	+ Område avsett til fritidsbustad og veg (572 daa.)
- Bygning m/ radius 22 m. (1,5 daa.)	
- Køyreveg m/ radius 3 m.	
- Innsjø & elv/bekk m/ radius 10 m.	
- Aktsemdssonar flaum	
- Aktsemdssone jord/flaumskred	
- Stigar/løyper m/ radius 1 m.	
- Myr	
= totalt ca. 577 daa.	= Totalt ca. 262 daa.
Samla arealreserve: 839 daa.	
Tomtereserve: 289 (grovt estimat)	Tomtereserve: 295
Estimert samla tomtereserve: 583	




Figur 4: Arealreserve i kommuneplan og reguleringsplanar, samt ledige, ubygde tomter i reguleringsplanar.

2.4 Innspel til kommuneplanens arealdel

I Votndalsåsen er det kome inn totalt 49 innspel til revisjon av kommuneplanens arealdel. Alle innspela er fritidsbustad, bortsett frå eit føreslått næringsareal ved Myset. Innspela er grovsila og har vore til politisk handsaming i sak 37/2024, handsama i møte 09.12.2024, og i sak 7/2026, handsama i møte 20.02.2026.

Nærmare informasjon om dei enkelte innspela går fram av grovsilingsdokumenta. I Votndalsåsen er det 26 innspel som vart stemt vidare til konsekvensutgreiing, totalt 185 daa. Oversikt i tabellen under.




Figur 5: Kartutsnitt av Votndalsåsen med dei 26 innspela på totalt 185 daa som har gått vidare til KU.

Innspel	Storleik (daa)	Tal tomter	Vidare til KU?
FB401	60	-	delvis
FB402	26	-	delvis
FB403	90,5	-	delvis
FB404	16,3	-	
FB405	150	-	delvis
FB406	22,5	8	delvis
FB407	65	-	delvis
FB408	1,7	1	
FB409	2,3	2	
FB410	8,5	6	
NÆ411	8,2	6	
FB412	11,2	-	
FB413	15,2	-	
FB414	4,3	-	
FB415	3,6	-	
FB416	5,6	-	
FB417	84	10	
FB418	232	-	
FB419	0,8	-	
FB420	24		delvis
FB421	93	-	delvis
FB422	5,3	1	
FB423	20	-	
FB424	2,7	2	
FB425	20	11	
FB426	6,6	-	
FB427	16	-	
FB428	9,4	-	
FB429	1,4	1	
FB430	1,3	1	
FB431	1,5	1	
FB432	9,3	6	delvis
FB433	6,5	-	
FB434	1,2	1	
FB435	1,2	1	
FB436	2	2	
FB437	2,6	2	
FB438	39,6	-	delvis
FB439	20	-	
FB440	2,3	2	
FB441	5	4	
FB442	0,6	2	
FB443	2	1	
FB444	9,2	-	
FB445	1	1	
FB446	4,3	-	delvis
FB447	2,6	-	
FB448	2,6	-	
FB449	3,8	-	

Konklusjon: 26 innspel på til saman ca. 185 daa. skal vurderast nærmare i konsekvensutgreiing.

2.5 Oversikt over naturfarar i Votndalsåsen

Det finst ingen større vassdrag i området, med unntak av Lya langs områdeavgrensinga i aust. I åsområdet går det likevel fleire mindre bekke­drag som kan vere utsette for flaum, og som lokalt kan utgjere ein risiko. Vidare er det registrert skredutsette område i lokale parti kring Kinnhovdun og ned mot Lya i aust, med aktsemdssoner for jord- og flaumskred, snøskred og steinsprang.




Figur 6: Kartutsnitt av Votndalsåsen med aktsemdssoner for steinsprang, snøskred utan skogeffekt, flaum, og jord- og flaumskred. Aktsemdssonar er henta frå NVE og oppdaterte frå 2025.

2.6 Innsatstid utrykkingskøretøy

Nærmeste brannstasjon er ved Oppsjøtippen industriområde. Derfra tek det om lag 17 min å køyre til Liatoppen, 14 min til Skrindehaugen og 16 min til området Myset/Nilsehovda.

Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn i området. I rapport «Slokkevann i områder uten kommunalt vannledningsnett» frå 2024, utarbeida av SOS Brannconsult AS, er det føreslått etablering av nytt tappepunkt ved Liatoppen.

Omtrentleg avstand og køyretid frå Oppsjø brannsentral					
Liatoppen		Skrindehaugen		Myset / Nilsehovda	
17 min	9 km	14 min	9 km	16 min	11 km



Figur 7: Kartutsnitt med tappepunkt og køyreveg frå brannstasjon til ulike delar av Votndalsåsen.


3 Infrastruktur

3.1 Vatn og avløp

Tilknytt kommunalt avløp?	Nei. I hovudplan for VA skal kjommunen i gang med forprosjekt for kommunal avløpsleidning i Votndalsåsen i 2030.
Tilknytt kommunalt vatn?	Nei.
Eiget eller felles avløpsløysing?	Det er mange felles avløpsløysingar med kort avstand, men stort sett spreidd avløp.
Eiget eller felles vassverk?	Nokre felles vassverk, mellom anna ved Sletthovdun og Liatoppen.
Kapasitet reinseanlegg?	Liapark ved Liatoppen kan utvide til om lag det dobbelte. Elles bygd etter dagens behov, med moglegheit for å utvide.
Tal PE innanfor tettstadbebyggelsen (jf. forureiningsforskrifta kap. 11-3 bokstav k)?	Under 2000 PE.
Moglegheit for å kople fleire hytter innanfor eit større område til eit fellesanlegg?	Ja, det er mange mindre spreidde som med fordel kan samlast til eit fellesanlegg.
Behov for/moglegheit for oppgraderingar/utviding/utbetringar?	Ja, opprydding av spreidde, eldre avløpsanlegg foregår no. I hovudplan for VA skal kjommunen i gang med forprosjekt for kommunal avløpsleidning i Votndalsåsen i 2030.

3.2 Veg og trafikk

Tilkomst til Votndalsåsen vil i hovudsak belaste to kryss på Rv 7. Vanlegaste avkøyring opp mot Liagardene er ved Sando barnehage i aust, eller frå nordbygdsvegen og ta av herifrå opp Åsetnovegen mot Skrindehaugen eller Fekjastølvegen mot Nilsehovda.



Figur 8: Tilkomst til Votndalsåsen belaster 2 kryss ved Rv. 7.

3.3 Straum og renovasjon

3.3.1 Straum

Sjå vedlagt skriv frå Føie AS.

3.3.2 Renovasjon

Ja, området er tilknytt returpunkt med etablerte molokker.


3.4 Skiløyper og stigar

3.4.1 Eksisterande stig og løypenett og umerka stigar

Det går eit godt etablert skiløypenett gjennom heile området, og dette bind saman dei fleste hyttefelta. Løypene går i hovudsak gjennom skogsterreng, men stig etter kvart over i snaufjellet i den nordlege delen. Nettverket heng òg saman med løypene på Torpoåsen og Skaraåsen i Gol, samt i Leveld og Bergsjø.

Lysløypene og skistadion på Liatoppen fungerer som hovudanlegget for langrenn i Ål. I området mellom Åsetno og Liatoppen er det derimot få merka og skilta stigar. Rundt Løkenstjørn og vidare opp mot Bleste finst det derimot eit samanhengande nett av merka og skilta stigar. Fleire av desse er etablerte og drifta av hyttevelforeininga, og dei er mykje brukte av hyttefolk i området. Bleste er dessutan eit av dei mest besøkte turmåla i Ål.


Lenger inn i snaufjellet, mellom anna frå Trettstølane og Lyabruue, er det òg mykje brukt sti-terreng. Her tar både lokale og hyttefolk i bruk både merka og umerka stigar gjennom heile sesongen.



Figur 9: Stig- og løypenett i området. Skilta og merka stigar (raud stipla linje), umerka stigar (svart stipla), og skiløyper (blå stipla)

3.4.2 Kryssingspunkt mellom skiløype og veg

Nokre av kryssingspunktka er knytt til parkeringar, men det har stadig vorte brøyta opp kortare vegar og hyttevegar. Dette fører til mange kryssingspunkt. Eit døme er runden rundt Kinnhovda der det har komme mange kryssingspunkt. Dette kan gjere desse løypene mindre attraktive gjennom delar av vinteren. Lengre inn i snaufjellet er det mogleg å gå lengre turar utan å krysse brøyta veg.



Figur 10: Skiløypar (blå stipla) med kryssingspunkt mellom veg og skiløype (raud sirkel).

3.4.3 Behov for omleggingar / sambindingsløyper?

Administrasjonen kjenner ikkje til slike behov. I folkemøte ble det uttrykt ønskje om to sambindingsløypar i skiløypenettet over Nilsehovda og aust for Løkenstjønni. Desse er teikna inn i vedlagt kart.

4. Vassmiljø

Området omfatter fleire elve- og bekkefjørekomstar samt innsjø i midels til høyt klimasoner med god til svært god økologisk tilstand, samt enkelte fjørekomstar med moderat tilstand og teikn til påverknad.

Lya midtre bekkefelt (vann-id 012-1598-R) er klassifisert med god økologisk tilstand, og påvekstalger indikerer god tilstand, men det fjøreligg ingen prøver for fosfor og nitrogen. Med noko landbruksaktivitet i området vurderast toleevne som usikker ved auka belastning.

Lya Grytelv – inntak (vann-id 012-3152-R) har god økologisk tilstand, med én prøve som viser svært god fosfortilstand, men datagrunnlaget er svakt og det mangler nitrogenmålingar. Økt tilførsel kan medføre forringelse til god tilstand.

Votna bekkefelt nord (vann-id 012-3340-R) og **Løken** (vann-id 012-3339-R) er begge klassifisert med moderat økologisk tilstand, basert på funn av «lammehaler» i bunnfauna som indikerer eutrofiering og redusert oksygentilgang, med mulig sammenheng til avløp og landbruk. Samtidig viser kjemiske analyser fosfor og nitrogen i svært god tilstand, noe som gir motstridende datagrunnlag og faglig usikkerhet knyttet til årsak og tåleevne.

Votna (vann-id 012-2001-R) er klassifisert som sterkt modifisert vannfjørekomst med godt økologisk potensial, med fosfor og nitrogen i god tilstand, men med risiko for forringelse ved økt næringstilførsel.

Lya øvre bekkefelt (vann-id 012-1600-R) er klassifisert med svært god økologisk tilstand, men manglar prøvedata, og vurderast som lite påverka, men sårbar for ny belastning.


Samla sett viser vurderingen at området omfatter både lite påverka og allereie moderat belastede vannfjørekomstar, med varierende og i enkelte tilfeller avgrensa toleevne for auka belastning. Dersom det etablerast avløpsnett i området og nye hytter tilknyttast dette, vurderast den direkte påverknaden på nærliggande resipienter å vere minimal for samtlege fjørekomstar. Belastning på resipienter nedstrøms reinseanlegg er imidlertid ikkje vurdert i denne sammenheng, og borde inngå som del av en heilskapleg vurdering av samla belastning i nedbørfeltet.

5. Naturverdiar, klima og miljø

5.1 Naturtypar og naturmangfald

Det er større område med boreal hei av stor – svært stor verdi frå Tormodset til Storhovda. Elles finst fleire avgrensa område med boreal hei, semi-naturlig eng (svært stor verdi), gamal furu- og granskog av stor verdi, samt andre verdifulle naturtypar lista opp i tabellen til høgre.


Naturtype	Verdi
Slåttemark	Svært stor
Høgstaudegranskog	Stor
Semi-naturlig eng	Svært stor
Naturbeitemark	Stor
Kalkrik snøleie	Stor
Gammel gran- /furuskog med gamle trær	Svært stor
Rik gransumpskog	Stor
Kalkfattig og intermediær hei	Stor
Boreal hei	Svært stor



Figur 11: Verdsatte naturtypar i området Votndalsåsen. Datasett henta frå «Naturtyper, naturmangfold» i Miljødirektoratet Naturbase.

5.2 Samanhengande grønstrukturar og korridorar for vilt og beitedyr


Frå Liatoppen til Svarthamar er området bygd ut og regulert tett, og det er difor viktig å sikre dei korridorane som er markerte på kartet. Aust for dette beltet, heilt ned mot Lya, ligg eit forholdsvis stort og velfungerande område i nord-sør-retning, frå Veslestølen til Tormodset og vidare inn i fjellet. Det er viktig at det ikkje blir etablert fleire stigar eller andre typar samband som kan dele opp dette samanhengande området.



Figur 12: Registrerte elgråkk og viktige viltkorridorar i området.

5.3 Inngrepsfrie naturområde


Det er ingen inngrepsfrie naturområde innanfor områdeavgrønsinga, men det er sone 2-område utanfor som vil påverkast ved utbygging 1-3 km frå denne sona.



Figur 13: Inngrepsfrie naturområde i Voindalsåsen. Datasett «inngrepsfrie naturområder» er henta frå Miljødirektoratets naturbase.

5.4 karbonrike areal

Område med høgast karbonopptak ligg i skogsområda ned mot Lya i sør-aust. Nedbygging kan i hovudsak føre til middels store utslepp, men og svært store ved myrområda (figur 14).



Figur 14: Kartutsnitt med karbonopptak (øvt) og utslepp ved nedbygging (nedst) i området Votndalsåsen.


6. Leveområde villrein

Ikkje relevant. Votndalsåsen er ikkje eit leveområde for villrein.

7 Naturressursar

7.1 Beitebruk og beiteareal

Heile området blir i større eller mindre grad brukt til beite. Ut frå historia er det grunn til å tru at det kviler beiterettar på heile området sjølv om bruken har gått ned etter kvart som færre bruk har husdyr. Beitekartlegginga i 2022 (NIBIO) synte at det er store flater med godt og svært godt beite innanfor området. Det gjeld for både små- og storfe.




Figur 15: Beitekvalitet for sau (venstre) og storfe (høgre). Henta frå datasettserien «Vegetasjon» av NIBIO.

7.2 Jord- og skogressursar

Dagens kartgrunnlag syner fleire større, samanhengande område med dyrkbar jord, særleg vest for Kinn og lengst nord i området. I resten av området er det mange areal som er rekna som dyrkbare, men desse er stort sett mindre i utstrekning.

Dyrkbar jord har lovmessig vern etter jordlova, og areala kan vere underlagde restriksjonar mot nydyrking i samsvar med gjeldande lover og forskrifter, til dømes forbod mot nydyrking av myr. Det inneber at ikkje alle registrerte areal er aktuelle for oppdyrking.



Figur 16: Dyrkbar jord (markert i raudt) i Votndalsåsen. Kartlag henta frå «Dyrkbar jord» av NIBIO.

8. Samla vurdering

8.1 Områdets utfordringar, behov og moglegheiter

Det ligg føre tabell som oppsummerer utfordringar, behov og moglegheiter knytt til dei tema som er aktuelle i denne analysen for Votndalsåsen.

	Utfordringar	Behov og moglegheiter
Planstatus	Mange gamle reguleringsplanar som er delvis erstatta av nyare planar. Det er og stor tomtereserve på 295 regulerte, ubygde tomter, samt grovt estimert 289 tomter avsett i KPA.	I tråd med kommunestyret sitt vedtak om planrevisjon (planvask) i sak 53/2024 i møtet 20.06.2024, vil avsette område til framtidig fritidsbebyggelse i gjeldande kommuneplan, samt reguleringsplanar eldre enn 10 år, bli vurdert. Mellom anna i forhold til kommunens overordna arealføringar, regionale og statlege føringar og dagens lovverk.
Naturfarar	Aktsemdssonar for naturfarar rører ved delar av området.	Ved evt. regulering/utbygging i aktsemdssonar må det gjennomførast farekartlegging.
Veg og trafikk	Auka belastning på kryss frå Rv. 7 ved Gullhagen	Ved evt. utbygging kan det vere behov for vurdering av kapasitet i kryss.
Dyrka- og dyrkbar jord	Mykje dyrkbar og dyrka jord i og rundt hyttefelta.	Verne jordressursane i området, i tråd med nasjonal jordvernstrategi.
Naturmangfald	Mange naturtypar av stor og svært stor verdi. Nokre få regulerte, ubygde tomter ligg i verdifulle naturtypar.	Unngå nedbygging av verdifull natur.
Vassmiljø	Fosfor ligg i dag på ca. 12,5 ug, og grensa er 15 ug. Restkapasitet er da på 2,5 ug total fosfor per liter i Votna.	Totalt ca. 590 tomter i tomtereserve (inkludert reguleringsplanar og KPA). Dette vil, grunna stor avstand, føre til låg risiko for forringing av Votna, men det er lite kunnskap om mindre resipientar innanfor området.
VA	Ikkje kommunalt VA. Det er mange felles avløpsløyser med kort avstand, men stort sett spreidd avløp.	Mange mindre spreidde anlegg som med fordel kan samlast til eit fellesanlegg. Opprydding av spreidde, eldre avløpsanlegg foregår no. Planlagt Forprosjekt med å bygge kommunal avløpsledning i 2030.
Grøne korridorar, vilt og beite	Stort og velfungerande nord-sør belte frå Veslestølen til Tormodset og vidare inn i fjellet, der nye stigar kan forstyrre det samanhengande området og redusere funksjon som trekk-/beiteområde. Elles er det i hovudsak gode beiteområde.	Ivareta områda med høgaste beitekvalitet, samt korridorar, særleg i hovudtrekkroute for elg aust-vest retning gjennom Åsetno.
Stigar og skiløypar	Det har stadig vorte brøya opp hyttevegar. Dette fører til mange kryssingspunkt av skiløypar.	Vidare utbygging bør skje inntil allereie vinterbrøya vegar for å hindre nye kryssingspunkt.
Områdets totale toleevne		

Votndalsåsen har ikkje kommunalt VA. Det er mange felles avløpsløyser som ligg tett på kvarandre, men stort sett spreidd avløp. Det og fellesløyser på vatn, men stort sett spreidd. For vidare utbygging må ein sjå større område under eitt for å sikre gode avløpsløyser.

Pga. endring av definisjon på tettstadbebyggelse, vil ikkje VA-delen av analysen bli like førande for framtidig bebyggelse som først antatt. Me føreheld oss til dagens lovverk, men det kan kome endringar som gjer at VA må vurderast på nytt. Dette vil uansett bli eit tema i KU for innspela som har gått vidare i grovsilinga.

Samla sett er det mange omsyn som må takast i området, både når det gjeld naturfarar, naturmangfald, beitebruk, dyrka- og dyrkbar jord, kryssingspunkt skiløypar og lokale vassførekomstar. Vidare utbygging i området kan derfor kome i konflikt med desse omsyna, og administrasjon ser behovet for ein planrevisjon.

Kjelder

Kartdata er i hovudsak henta frå GeoNorge og kommunens plandatabasar.

- Felles kartdatabase (FKB) og Matrikkelen – Benytta i fleire tema
- AR5 (Arealressurskart) og DMK (Digitalt markslagskart)
- Temakart:
 - o «Naturtyper, naturmangfald» frå Miljødirektoratet – Tema: *Naturtypar og naturmangfald*
 - o «Inngrepsfri natur i Norge» frå Miljødirektoratet – Tema: *Inngrepsfrie naturområde*
 - o «Vegetasjon» frå NIBIO – Tema: *Beitebruk og beiteareal*
 - o «Karbonrike areal» frå NIBIO – Tema: *Karbonrike areal*
 - o «Aktsomhetskart» (2025) frå NVE – Tema: *Naturfarar*
 - o «Dyrkbar jord» (2025) frå NIBIO – Tema: *Dyrka og dyrkbar jord*
- Føie AS v/ planavdelinga – Tema: *Straum*
- Vann-nett.no – Tema: *Vassmiljø*
- Regionalplan for Nordfjella og Raudafjell (2014-2025) (erstatta KDP for villrein i Nordfjella) – Tema: *Leveområde villrein*
- Rapport: «Slokkevann i områder uten kommunalt vannledningsnett» (18.03.2024) – Tema: *Innsatstid utrykkingskøyretøy*
- Renovasjonspunkt, Hallingdal renovasjon: [Finn ut hvor du leverer avfall - Sortere](#) Tema: *Tilknytt renovasjonspunkt*
- “Sangefjell-området historie” av Einar A. Eriksen – Tema: *Historikk*

Uttalelsene i sak «Straumnett i Ål kommune – grunnlag for kommuneplanens arealdel for fritidsbebyggelse»

Det vises til anmodning om uttalelse i sak 'Straumnett i Ål kommune til bruk i kommuneplanens arealdel for hytter', datert 12.02.2026.

Føie har etter energiloven områdekonsesjon i Ål kommune. Dette innebærer at vi etablerer og drifter strømnettet i kommunen (høyspent og lavspent fordelingsnett).

Per dags dato foreligger det enkelte kapasitetsutfordringer i forespurt området.

Generelt:

- Det etableres som hovedregel ikke ny forsyningskapasitet før eksisterende kapasitet er fullt utnyttet.
- Utbyggere kan pålegges å betale anleggsbidrag i henhold til gjeldende forskrifter og regelverk.
- Flere områder i kommunen står overfor et forventet økt effekt- og energibehov, og tidspunkt for investeringer må vurderes grundig for å sikre samfunnsøkonomisk riktige løsninger.
- Ved innmeldt konkret kapasitetsbehov vil nettselskapet utarbeide interne analyser for å vurderinger basert på modenhet for investeringer. Disse interne analysene inngår ikke i uttalelser eller formelle svar til kommunen.

1. Felles for elektriske anlegg

1.1 Adkomst og terrengendringer

Det må ikke iverksettes tiltak som medfører forringelse av adkomst til våre anlegg. Det må heller ikke gjøres inngripen i terrenget som medfører endring av overdekningen over kabler eller oppfylling av terrenget som medfører redusert høyde opp til luftledningsanlegg.

1.2 Grunneieravtale for bygging, drift og vedlikehold av nettet

Nye elektriske anlegg som etableres innenfor det aktuelle planområdet skal avtales gjennom en tinglysbar grunneieravtale. Avtalen skal sikre Nettselskapet en rettighet til å etablere, føre frem, ha liggende og opprettholde et elektrisk anlegg over eller på Eiendommen, med en tidsavgrenset og varig karakter.

Rettigheten omfatter adgang til å etablere nye elektriske anlegg, samt gjennomføre fremtidige utskiftninger, fornyelser, oppgraderinger, ombygginger, inspeksjoner, vedlikeholds- og reparasjonsarbeider, herunder nødvendige grave- og sprengningsarbeider som står i direkte tilknytning til anlegget.

Nettselskapet gis i tillegg rett til nødvendig og hensiktsmessig adkomst over Eiendommen for

utførelse av ovennevnte tiltak.

1.3 Støy fra transformatorstasjon

Vi gjør også oppmerksom på at det finnes eksisterende transformatorstasjoner og nettstasjoner i planområdet. Eventuelle ulemper og avbøtende tiltak for planlagt bebyggelse i denne forbindelse er ikke vårt ansvar. Utbygger må ta hensyn til støy fra transformatorstasjoner og nettstasjoner ved utforming av ny bebyggelse.

1.4 Inntegning på plankart og tildelte kartskisser

I tilfeller hvor det deles ut kartskisser med inntegnede elektriske anlegg, gjelder følgende forutsetninger:

Nettselskapet har eksisterende elektriske anlegg innenfor det aktuelle planområdet, slik det fremgår av vedlagte kart. Kartmaterialet stilles til disposisjon utelukkende for det formål å besvare forespurt planarbeid, og kan kun benyttes innenfor følgende rammer:

- Brukes kun som underlag for forespurt planarbeid
- Bør slettes etter bruk - husk at nettet endrer seg kontinuerlig
- Må ikke oversendes andre uten netteiers samtykke
- Må ikke anses som kabelpåvisning. Forespørsel om kabelpåvisning rettes til Føie AS

Vi gjør oppmerksom på at spenningsnivået for ledningsanleggene *ikke* må påføres i planen, herunder plankartet. Kraftledninger skal på kart ha en enhetlig utforming, uavhengig av spenningsnivå og eventuelle fysiske forskjeller. Parallelle ledninger som går i samme trasé, skal tegnes som én ledning. Høyspenningskabler under bakken tegnes ikke inn på kartet. Vi viser i denne sammenheng til Forskrift om beredskap i kraftforsyningen § 6-2, og NVEs *Veiledning til forskrift om beredskap i kraftforsyningen*, pkt 6.2.5.

Arealer og eiendommer som brukes til, eller i fremtiden skal brukes til transformatorstasjoner evt nettstasjoner avsettes i planen til arealformål bebyggelse og anlegg, underformål «Andre typer bebyggelse og anlegg», energianlegg kode 1500, jf vedlegg I til kart- og planforskriften.

1.5 Andre forhold

I god tid før utbygging må det avklares hvordan nye bygninger i planområdet skal forsynes med elektrisk strøm. Det må avklares i hvilken grad eksisterende ledninger/kabler eventuelt kan benyttes, om nye ledninger/kabler må legges og om det er behov for ny(e) nettstasjon(er).

Den eller de som utløser tiltak i strømforsyningsnettet, både flytting, nyanlegg og forsterkning, må som hovedregel dekke kostnadene med tiltaket, inkludert eventuelle kostnader til erverv av nye rettigheter. Nye traséer må gis rettigheter med minst like gode vilkår som det vi har til de eksisterende traséene. Normalt er dette stedsevarige (evigvarende) bruksrettigheter.

Dersom planen forutsetter at eksisterende høyspenningsanlegg må flyttes eller legges om, må det settes av plass til ny trasé og/eller nettstasjon(er).

Dersom det er aktuelt med alternativ energiforsyning til området, f.eks. fjernbåren varme, ønsker vi at dette avklares så tidlig som mulig da dette påvirker behovet for elektrisk strøm.

Ved bygging i nærheten av luftledninger, gjøres det oppmerksom på at det ikke nødvendigvis er samsvar mellom hvilken avstand som er nødvendig for å komme under anbefalt utredningsgrense for magnetfelt og gjeldende byggeforbudsbelte.

2. Anlegg etablert etter anleggskonsesjon (normalt regionalnett) *ikke aktuelt i denne saken*

2.1 Eksisterende høyspenningsanlegg

Vi vil gjøre oppmerksom på at planområdet krysses av høyspenningsanlegg som er bygget etter anleggskonsesjon gitt av Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE). Kraftledninger og kabelanlegg bygget etter anleggskonsesjon er i hovedsak unntatt fra Plan- og bygningsloven, og for disse kan det derfor ikke vedtas planbestemmelser eller vilkår som del av reguleringsplan for andre tema.

Utgangspunktet er derfor at kraftledninger ikke skal inntegnes som et arealformål i en reguleringsplan, men bør innarbeides som *hensynssone (faresone)*. Byggeforbudsbeltet langs den aktuelle kraftledningen er totalt ____ meter, ____ meter målt horisontalt til hver side fra senter av ledningen.

For kabelanlegg kan det normalt iverksettes tiltak (inkludert planting av trær) så nært inntil kabelgrøften som ____ meter målt horisontalt fra kabelgrøftens ytterkant. Det er imidlertid viktig at fremtidig tilkomst til kabelgrøftene ikke hindres. Det må bestilles kabelpåvisning for å få en nøyaktig kartfesting av kabelens plassering i terrenget.

2.2 For anlegg etablert etter anleggskonsesjon gjelder følgende

Planlagt ny bebyggelse eller andre tiltak som kommer i konflikt med elektriske anlegg må tas hensyn til i det videre planarbeidet. Vi må oppstille en del vilkår for at eventuelle omlegginger av nevnte <elektriske anlegg> skal kunne gjennomføres (se også pkt 1.4):

- Eventuelle nye kabler eller luftledninger som skal erstatte eksisterende anlegg, må minimum ha overføringskapasitet som tilsvarer den kapasiteten anlegget har i dag.
- Eventuelle ønsker om omlegging av eksisterende anlegg må meldes inn til oss i god tid før omleggingen ønskes utført. Omlegging kan være en tidkrevende prosess, og bør tas hensyn til ved utarbeidelse av eventuelle bestemmelser om særskilt rekkefølge for gjennomføring av de enkelte tiltakene i planen.
- Dersom tiltak skal gjøres på den aktuelle luftledning eller kabelanlegg, må det påregnes at det kan bli nødvendig å stille krav om tider på året som utkobling må være avgrenset til og hvor lenge anlegget kan være utkoblet. Dette begrunnes med behovet for kontinuerlig forsyning av strøm til kundene, jfr. også leveringsplikten i energiloven § 3-3.

- Omlegging av anlegg med spenning høyere enn 24 kV fordrer at vi søker NVE om endringer i de respektive anleggskonsesjonene for anleggene. Endring i anleggskonsesjon forutsetter blant annet at det finnes ekstern evne og vilje til full kostnadsdekning, slik at nettkundene ikke belastes omleggingen. Dette betyr at vi vil kreve full kostnadsdekning for omlegging. Utfallet av en konsesjonsbehandling kan ikke forskutteres.

2.3 Dersom nytt høyspenningsanlegg er planlagt i området

Ny <angi> kV høyspent <luftledning/ kabel/transformatorstasjon> er under planlegging og vil komme til å krysse området som vist på vedlagt kart. Det er søkt Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) om anleggskonsesjon (jfr. energiloven § 3-1) for etablering av anlegget. Vi ber om at den planlagte <traséen/arealet> innarbeides i planen. Det er også søkt om ekspropriasjon for etablering av anlegget, hvilket gjør at arealet i realiteten er båndlagt for formålet, jfr. oregningslova § 28.

3. Anlegg etablert etter områdekonsesjon (normalt distribusjonsnett)

Anlegg under 24 kV inngår i distribusjonsnettet for elektrisk energi og er bygget i medhold av områdekonsesjon. Omlegging av disse anleggene fordrer ikke søknad om endring av konsesjon, men en del hensyn må likevel ivaretas.

3.1 Eksisterende høyspennings luftledning

Det må tas hensyn til høyspenningsluftledninger som ligger innenfor planområdet. Ledningene har et byggeforbudsbelte på totalt 15 meter, 7,5 meter målt horisontalt ut til hver side fra senter. Vi ber om at traseen med byggeforbudsbeltet registreres i planen som arealformål trasé for nærmere angitt teknisk infrastruktur, jfr. Plan- og bygningsloven § 12-5 nr 2 eller som en hensynssone (faresone).

3.2 Eksisterende høyspenningskabler

Høyspenningskablene som ligger innenfor planområdet, må tas hensyn til. Normalt kan det iverksettes tiltak (inkludert planting av trær) så nært inntil kabelgrøften som 2 meter målt horisontalt fra kabelgrøftens ytterkant. Det er imidlertid viktig at fremtidig tilkomst til kabelgrøftene ikke hindres. Det må bestilles kabelpåvisning for å få en nøyaktig kartfesting av kabelens plassering i terrenget.

3.3 Behov for ny nettstasjon – samt forhold til eksisterende frittliggende nettstasjon

For å sikre strøm til ny bebyggelse, må det settes av plass til å etablere en eller flere nye nettstasjoner i området. Nettstasjonen(e) bør av hensyn til effektuttaket plasseres omtrent som skissert på vedlagte kart. Kontakt vedrørende dette temaet rettes til Føie AS.

En nettstasjon ønskes plassert minimum tre meter fra veikant og utenfor veiens frisisoner. Størrelsen på nettstasjonen kan være opptil 15 m².

Nettstasjoner kan også etableres i egne rom i bygg. Det stilles i slike tilfeller særskilte krav til utforming av rommet, samt til adkomst og ventilasjon m.v.

Det må tas hensyn til eksisterende nettstasjoner innenfor planområdet. For både nye og eksisterende nettstasjoner gjelder at disse må stå minst 5 meter fra bygning med brennbare overflater. Avstanden gjelder også til terrasser og lignende brennbare utstikk som er direkte knyttet til bygget.

Vi ser at det ofte dessverre ikke blir tatt hensyn til disse avstandskravene når nye bygninger planlegges og oppføres. Dette skaper problemer både for grunneiere og for nettselskapet. Det er derfor viktig å synliggjøre byggegrenser mot nettstasjoner i reguleringsbestemmelsene.

Følgende må spesifikt ivaretas i plan med bestemmelser:

- Der nettselskapet har angitt behov for plassering av ny nettstasjon, må det reguleres et areal til slikt formål
- Nettstasjoner tillates oppført i forbindelse med strøm til stedbunden næring i LNFR-område samt i areal regulert til utbyggingsformål
- Nettstasjoner tillates oppført også utenfor regulerte byggegrenser og kommer i tillegg til tillatt utnyttelsesgrad.
- Nettstasjoner tillates oppført inntil 1 m fra eiendomsgrense og at det generelt er 5 m byggegrense rundt nettstasjoner.

3.4 (Aktuelt når konkret plan foreligger) Hvis behov for særskilt trasé for strømfremføring (f eks når veigrunn ikke kan benyttes):

For strømforsyning av ny bebyggelse vil det være nødvendig å etablere ny høyspenningsforsyning inn i området. Med hensyn til hva som vil være beste tilkoblingspunkt i eksisterende nett, ser vi at det vil være nødvendig å anlegge en trasé fra <angi> og inn mot anmerket område hvor det er aktuelt å plassere en ny nettstasjon. Se vedlagt kartskisse. Vi ber derfor om at det i planen etableres trase for anlegg som beskrevet. Dersom det ikke er aktuelt å anlegge vei i samme korridor, kan kabelgrøft gjerne kombineres med gangsti eller friområde. Det viktige er at det ikke planlegges bebyggelse over kabelgrøften. Normalt byggeforbud langs kabelgrøfter er <avstand> meter målt horisontalt fra <kabelgrøftens ytterkant/midt kabelgrøft>.

4. Andre forhold

Vi ønsker å bli kontaktet i god tid før utbygging, slik at vi kan planlegge nye anlegg og angi hvor vi ønsker at utbyggere skal grave kabelgrøfter inn til bygninger. Før selve arbeidet i utbyggingsområdet starter opp, ønsker vi også å avklare fremdriftsplan med utbygger.

Det er også viktig at nye utbyggingsområder/teknisk infrastruktur planlegges slik at spesielt våre høyspenningsledninger ikke må flyttes. Når kabler flyttes, må disse kappes og skjøtes. Basert på en samfunnsøkonomisk vurdering bør slike skjøter reduseres til et minimum, da disse erfaringsmessig kan medføre større risiko for feilsituasjoner i nettet og en mer ustabil strømleveranse.

Vennligst ta kontakt dersom det skulle være spørsmål eller uklarheter når det gjelder tilpasning av våre anlegg i den nye reguleringsplanen Føie AS